

Fitjar Eldreråd kjem med desse innspel til budsjettet:

Eldreomsorga:

Når fokuset skal vera på førebygging i alle fasar, samtidig som det er ombygging av FBB, er det for få sjukeheims plassar i kommunen. Det vil sei at pasientar **må** bu lenger heime. Men dette fører med seg større press på heimesjukepleiarane, anna helsepersonell og pårørande. Stadig sjukare pasientar kjem heim til eigen bustad og har behov for stor hjelp frå heimesjukepleien.

Fleire og fleire ønskjer også å få være heime til livets slutt. Dette krev at det er nok kompetent helsepersonell i tenesta til å kunne ta seg av dette **til ei kvar tid**.

Eldrerådet er opptatt av at det bør vera fokus på at det må vera ein kombinasjon av nok kompetent helsepersonell til å ta seg av desse utfordringane framover, slik at innbyggjarane i Fitjar Kommune får eit godt og verdig liv frå start til slutt. Det må vera nok helsepersonell til å kunna utføre jobben på ein forsvarleg måte, og at bruken av ny velferdsteknologi blir inkludert i kvardagen til pasientar og helsepersonell.

Heimehjelp tenesta i Fitjar kommune.

Eldrerådet er gjort kjend med at brukarar seier opp tenesta, eller nytta private for dei synes tenesta er for dyr. Dette undergrev tenesta.

Det tek bort observering av stoda i heimen. Det kan være så enkelt som formidle trong for enkle hjelpemiddel, kostråd og kva tilbod ein kan være med på. Dette føreset ei sterk heimehjelp teneste som kan vera bindeledd mellom brukar og andre hjelpeinstansar i kommunen. Heimehjelpa kan fange opp forandringar og utfordringar no som fleire eldre bur heime lenger.

Eldrerådet ber om at ein ser på prisane på nytt og slik styrker heimehjelpstenesta.

Vedtak:

Eldrerådet sender uttale til politisk handsaming.